

HORDALAND FRIIDRETTSKRETS: SAMARBEID MELLOM FRIIDRETTSLAG OG DISTRIKTSKONTAKTAR I ANLEGGsutVALET

Dersom anleggsutvalet skal kunna utføra arbeidet sitt slik mandatet syner, så krev det samarbeid med **friidrettsklubbane, kommunane og Idrettsråda.**

Distriktskontaktar sitt ansvar

1. Alle leiarane (styret) i dei friidrettsklubbane som er registrerte i HFIK må informerast (brev eller e-post) om kven som er valt til distriktsrepresentant for deira område.(skal gjerast så raskt som mogeleg etter kvart kretsting)
2. Alle leiarane (styret) i dei friidrettsklubbane som er registrerte i HFIK skal få orientering om det mandatet som distriktsrepresentantane har, og i kva saker dei kan søkja støtte og hjelp i frå desse. Dei må òg få orientering om at dei kan koma med innspel til anleggsutvalet gjennom distriktsrepresentantane. **Også hovudstyret i idrettslaga, kommunane og Idrettsråda må få tilsendt kopi av distriktsrepresentantane sitt mandat.**
3. Anleggsutvalet (og distriktsrepresentantane) kan i gitte situasjonar/saker søkja råd hos kompetente **ressurspersonar / organ utan om idretten.**
4. Anleggsutvalet skal vera eit synleg kontaktorgan som kan gje råd når det gjeld drift og vedlikehald av friidrettsanlegg. Utvalet kan òg hjelpa lag og kommunar når vedlikehaldsplanar skal lagast.
5. Anleggsutvalet vil kunna gje idrettsråda i kommunane hjelp og støtte i arbeidet med utarbeiding/rullering av kommunedelplanar for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.
6. Anleggsutvalet vil synleggjera FRIPLASSEN som eit godt og tenleg friidrettsanlegg der det ikkje er høve til eit fullverdig friidrettsanlegg.
7. Anleggsutvalet vil kunna støtta/hjelpa kommunar og idrettslag som ønskjer å etablera FRIPLASSEN eller andre anlegg som har tilbod om friidrettsøvingar, slik at desse kan bli idrettsfunksjonelt godkjent.
8. Spesielt for Bergen kommune: Her er det mange lag/klubbar tilhøyrande ein kommune der storparten av friidrettsanlegga er kommunale: Anleggsutvalet vil gjennom regelmessige møte med idrettsavdelinga i kommunen koordinera og prioritera innspel ang. reperasjonar, utbetringar og nyinnkjøp av materiell og utstyr.

Klubbane sitt ansvar

1. Distriktsrepresentanten må bli informert om alle nye anlegg, uansett idrettsgrein (kategori) Det gjeld både utanlegg og innandørsanlegg (hallar) Berre ved å vera oppdatert vil anleggsutvalet kunna sjå til at friidretten sine behov vert tekne vare på (t.d. nærmiljøanlegg)
2. Distriktsrepresentanten må også få orientering om rehabilitering av eksisterande anlegg. Berre då kan anleggsutvalet sjå til at friidrettsanlegg ikkje blir redusert/øydela.
3. Distriktsrepresentanten må få orientering om etablering av nye skular. Berre då kan anleggsutvalet kunna påverka etableringa av utearealet til også å ha tilbod om friidrettsaktivitet. (t.d.FRIPLASSEN)

DISTRIKTSINDELING :

1. **INDRE HORDALAND: Vaksdal -Voss – Granvin – Ulvik – Eidfjord – Ullensvang – Odda – Kvam – Jondal**

Kontaktperson: Trond Håvard Bjørnstad (Voss)

2. **MIDTHORDLAND: Sund – Fjell – Øygarden – Askøy - Os – Fusa – Samnanger**

Kontaktperson: Ingrid Dugstad (IL Fri)

3. **SUNNHORDLAND: Austevoll – Tysnes – Fitjar – Stord - Bømlo – Kvinnherad – Etne – Sveio**

Kontaktperson: Runar Øvrebø (Stord)

4. **NORDHORDLAND: Lindås – Masfjorden – Austrheim – Fedje – Radøy – Meland – Modalen – Osterøy**

Kontaktperson: An-Magritt Hasås (IL Gneist)
Stanley Hauge (Eikanger IL)

5. **BERGENKOMMUNE: Anleggsutvalet**

Kontaktperson: Sigurd Njerve **Fana Stadion, Slettebakken, Høiehallen, Skansemyren**
Magnus Kleppe **Fyllingsdalen – Nygårdsmyren, Leikvang Stadion og hallen**
Ivar Langhelle **Arna + Støtte på Leikvang**
An-Magritt Hasås (leder)

Distriktsrepresentantane kan dersom det er ønskeleg samarbeida over distriktsgrensene.

Friidrettsformennene, gruppeformenn opp fordras til å sende denne vidare til sine hovedlagsstyre.

| ANLEGGsutvalget: | | | |
|-------------------------|------------------------------------|----------|--------------------------|
| Leder | An-Magritt Hasås, Gneist IL | 95931565 | amh1502@online.no |
| Medlem | Trond Håvard Bjørnstad, Voss | 97151414 | thbjorns@hotmail.com |
| Medlem | Sigurd Njerve, BT/Norna-Salhus | 41409635 | sigurdnjerve@gmail.com |
| Medlem | Runar Øvrebø, Stord | 92202765 | runar.ovrebo@sklbb.no |
| Medlem | Ingrid Dugstad | 40146116 | dugstadingrid@gmail.com |
| Varamedlem | Ivar André Langhelle, IL Fri | 93233710 | Ivar.langhelle@gmail.com |
| Varamedlem | Stanley Hauge, Eikanger IL | 93459154 | stanhau@online.no |
| Varamedlem | Magnus Kleppe, Fyllingen Friidrett | 99792765 | magnus.kleppe@gmail.com |